



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
23.11.2015
Dykkar dato
10.11.2015

Vår referanse
2014/9505 561
Dykkar referanse
14/1394

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Merknad til justerte planer for Statskrafts søknad om utbygging på Pyttafloene i Kvinnherad

Fylkesmannen held fast ved si motsegn til planar om overføring av vatn på Pyttafloane. Det er etter vår vurdering ikkje grunnlag for meir utbygging, då samla belastning på anadrom fisk, landskap og friluftsliv alt er for stor i området.

Vi viser til sluttsynfaring i området 13. oktober 2015 og til avgrensa høyring på Statkraft sine justerte utbyggingsplanar. Endringane omfattar både Vatn 1112 og Vatn 1062.

Ved Vatn 1112 vil ein flytte sperredammen slik at overføringsfeltet til vatnet vert noko redusert. Sjølve dammen blir lågare enn i opphavlege planar. Endra planar vil gi noko høgare middelsvassføring i Såfossen. Ved Vatn 1062 vil ein dykke ned inntaket og senke vatnet i staden for å bygge sperredam. Dette vil i følgje søkjar gi mindre synlege landskapsinngrep ved turstien som går rett forbi vatnet.

Vurdering

Vi viser til vår motsegn til utbygginga, basert på negative verknader for anadrom fisk, landskap og friluftsliv. Foreslåtte endringar vil ikkje påverke det grunnleggande problemet knytt til at samla belastning på naturmangfaldet alt i dag for høg.

Tidlegare utbyggingar har ført til for låg vassføring i Austrepollelva og Øyreselva. Vi held fast på vår konklusjon om at omsyn til anadrom fisk må vektleggjast høgt, sett ut frå bestandssituasjonen i Hardangerfjorden. Fylkesmannen legg til grunn at eksisterande konsesjonar må opp til revisjon før ein kan vurdere ytterlegare utbyggingar i dei aktuelle vassdraga.

Fylkesmannens vurdering er at samla belastning også er for høg når det gjeld om omsyn til landskap og friluftsliv, sett i lys av dokumenterte nasjonale og regionale interesser i området.

På denne bakgrunnen held vi fast på vår motsegn i saka.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Statkraft Energi AS	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN